

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. /.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Fjelberg.

Emne: Transport av høg

Bygdelag: Halsnøy

Oppskr. av: lærar O.M. Enes.

Gard:

(adresse): Lebovik

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er berre 2 måtar som vert bruka her i bygdi til å få høgjet i hús: Der dei har hest vert høgjet høgjet inn på vanleg høgjevogn, - er garden so liten at dei ikkje har hest, vert høgjet bore inn på tog.

Her er ikkje utmark- eller fjell-slått i Fjelberg, - og har visst heller ikkje vore det i gamal tid.

2. Her er ikkje nokon som set høgjet i stakk, eller har utløer.

Når ein undantaks storgarden Halsnøy kloster er gardane på jannan sma: 3-5 kyr og hest. Men gardane er flate, so mest alt kan slå-ast med maskin.

Høgjet vert turka på bakken når veret er godt, - i regnvert det hesja. Hesjane vert oppsette eller bevart ein slår gras. Då vert det ikkje lang transport av høgjet til hesi: 8-10 m. på kvar sida.

Når eit mytt engstykke skal slå-ast, set ein opp ei my hes. Ingen let hesjane stå ute om vinteren. Den vesle transporten av gras til hesi vert utført med rive eller høgjaffel.

2
Brúk av sloe e.d.l. er ukjend her.

Dei som ber høyet inn, brukar vanleg boratog, ca 5' fanner langt, med "hegeld" laga av ung askesvott. Ein fengjer høyet før ein legg det på toget.

Når bora skal takast på, set beraren seg inn til bords, tek fattar, og legg den frie enden over aksla. Ein annan stend bak bords og hjelper til når han skal reisa seg. Det er vanleg at dei største borni er med i høgonni.

Då her ikkje er fjell-slatter, brukar dei heller ikkje rodder. Dei ymse slag beretre har heller ikkje vore i bruk her.

3. Då her ikkje er utløer, vert her heller ikkje høykøying på vinterfrie.

4. Det er berre vanleg 2-hjula høyvogn, ca 3 m lang og 1.5 m breid, som vert brukt her ved høykøying.

Til vanleg brukar dei ei tvergrind framme og ei bak på vognar. Høysledar av ymse slag har ikkje vore i bruk her.

Før 40-50 år sidan var det vanleg å fenge høyet med ein leste på kjerra. No brukar dei høygaffel. Der er alltid ein som trør lasset under lessing. På eit full-lest turhøylas er det ca 300 kg.

Her brukast allis høystang til å kneppa med. Toget kallar ein kneppingstog. Å gyra eit lass vert helst brukt om vedlass. Til gyring brukar ein helst kjetting. Her er ingen som brukar 2 hestar for høyvognar.

5. Her er ingen fellesslatter.